



Statens vegvesen Region Vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1018 - 19/21678

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
21.10.2019

Vedtak om særskilt fartsgrense 50 km/t og 30 km/ - Kv2137 Fureskjeggvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 254/2019

Saksutgreiing:

Meland kommune ønskjer å skilte Kv2137 Fureskjeggvegen med eksisterande fartsgrense 50 km/t frå hp1 m0 til hp1 m700, og med 30 km/t frå hp1 m701 til hp1 m 866, som er den siste delen av vegen ned mot kaien. Til no har heile Fureskjeggvegen hatt fartsgrense 50 km/t. Ettersom delar av vegen ligg i bebygd område med korte avkjøyslar ut frå eigedomane, vil 30 km/t vera eigna fartsgrense i høve til trafikkisikring.

Vurdering

Fureskjeggvegen er ca 870 m lang med smal vegbreidde på ca 3m det meste av vegen. Vegen er tilkomstveg til bebuarar, og tilkomstveg til transport med skulebuss for dei skuleborna som bur på Fureskjegget, opp til fylkesvegen Fv5310. Vegen er og ein mykje brukt turveg. **Det er veglys frå og med krysset Fv5310 hp1 m5248 og Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m352, der den kommunale vegen møter privat veg, Pv98839 hp1 0m.**

Meland kommune vurderar at siste delen av vegen ned mot kaien bør skiltast med fartsgrense 30 km/t ettersom **den er smal, går gjennom eit gardstun og har ein krapp sving ned mot kaien.**

I samsvar med skiltforskrifta § 26 ba Meland kommune om uttale frå Vest politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var satt til 17.10.2019. Det har ikkje vore merknader til høyringsbrevet frå Statens vegvesen. Men Vest politidistrikt påpeikte i sin uttale av 08.10.2019 det vil være naudsynt med «ein skiltplan der gjentagelsesskilt er inntegna slik at ein sikrer seg at det er nok skilt på strekninga».

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Strekninga bør skiltast med skilt 362.50, frå vegreferanse 1256 Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m700. Deretter med skilt 362.30 frå vegreferanse Kv2137 hp1 m701 til Kv2137 hp1 m866. Det må også skiltas motsatt veg.

Skilt 362 er i tråd med utarbeidd skiltplan.

Vedtak

I medhald av skiltforskrifta § 26 vert det vedteke å skilte fartsgrensa på Kv 2137 Hoplandsvegen med skilt 362.50 frå vegreferanse 1256 Kv2137 hp1 m0 til Kv2137 hp1 m700. Deretter med skilt 362.30 frå vegreferanse Kv2137 hp1 m701 til Kv2137 hp1 m866. Det må og skiltas motsatt veg. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagte kartskisse/skiltplan».

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Paal Tonning

Mottakere:

Statens vegvesen Region Vest

Postboks 43

6861

LEIKANGER